



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vår dato

14.07.2015

Dykkar dato

22.06.2015

Vår ref.

2015/3883/JOER/421.4

Dykkar ref.

Rambøll Norge AS
Storgata 25
6002 ÅLESUND

Stranda kommune

Områderegulering - reguleringsplan Svemorka vest Fråsegn til planprogram og varsel om oppstart

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Natur- og miljøverninteresser

Vi minner om at det skal gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka.

Det er eit nasjonalt mål at alle vassførekommstar skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand eller godt økologisk potensial i løpet av 2021. Ingen vassførekommstar skal få dårlege tilstand som følgje av auka tilførsel av næringssaltar eller partiklar i tråd med krava i vassforskrifta.

Som ein følgje av dette ber Fylkesmannen særskilt om ei vurdering av vegutbygging og utviding av industriområdet og samla belastning på tilgrensande vassdrag, jf. § 10 i naturmangfaldlova. Ein bør utgreie eksisterande og framtidige trugslar langs elveløpet saman med dei nye inngrepa og vurdere effekt på den økologiske tilstanden i elva.

I følgje vassressurslova § 11 skal det langs vassdraga sikrast eit naturleg vegetasjonsvelte som motverkar avrenning og gir levestad for planter og dyr langs elvebreidda. Breidda på vegetasjonsbeltet bør kome fram i retningslinjer til arealplanen, og ved utarbeiding av reguleringsplan skal det merkast av på plankartet.

Massetak

Når det gjeld massetaket bør det setjast krav til når tiltaket skal vere endeleg avslutta og korleis området da skal framstå. Vidare bør det også setjast krav til driftstid (t.d. kun kvardagar i tidsrommet 0800-1600).

Vi gjer også merksam på at dersom tiltaket vil innebere stasjonært eller midlertidig knuseverk samt siktestasjon som produserer pukk, sand og singel, vil dette vere omfatta av forureiningslova kapittel 30. Her er det stilt krav til skjerming, støvdempande tiltak, utslepp av støv, utslepp til vatn, støy m.m. (jf. §§ 30-1 til 30-13).

Landbruksinteresser

Planområdet omfattar ein del dyrkbart areal og skog med høg bonitet, samt noko dyrka mark, i hovudsak frå eigedom gbnr. 43/1 som mistar om lag 18 daa av 34 daa fulldyrka jord på eigedomen. I tillegg mistar eigedom gbnr. 27/3 omrent 6 daa fulldyrka jord frå ein teig som ligg isolert frå driftssenteret.

Dyrka jord er grunnlaget for all matproduksjon i landbruket, og ein svært liten ressurs i Noreg. Berre 3 % av det samla norske arealet er jordbruksareal. For å sikre matproduksjonen er det dermed viktig med eit sterkt jordvern, der kommunen har den største og viktigaste rolla. Vi vil gjerne vise til nyttige rettleiarar som «Landbruk og planlegging etter plan- og bygningsloven» og «Jordvernstrategien for Møre og Romsdal» for meir informasjon, og med tilvising til aktuelle Stortingsmeldingar.

Landbruksinteressene er planlagt vurdert som ledd i planomtalet, men ikkje som tema i konsekvensutgreiinga. Etter Fylkesmannens vurdering kan dette være tilstrekkeleg, då det truleg er andre høve som er meir avgjerande å få utgreidd, som t.d. støy, grunnforhold og ureining. Likevel kan følgjene for gbnr. 43/1 diskuterast, jf. at planprogrammet baserer seg på at drifta av landbruksområde ikkje vil bli påverka (pkt. 12.1.7), og at det difor ikkje er behov for ytterlegare utgreiing for landbruk.

Uansett ønskjer Fylkesmannen ei synleggjering av kva for konsekvensar tiltaket vil få for landbruket i området og at eventuelle avbøtande tiltak vert tydeleggjort.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)
fung. samordnar

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Fagsaksbehandlarar

Landbruk: Tormod Meisingset, 71 25 84 04.

Kopi:

Stranda kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.